

Dugnaden i Bygdalaget 27 April 2013.

Oppmøte i båthamna og på dei forskjellige arbeidsplassane kl.09.30.Fordeling av folk etter eigne ynskjer,så langt det lot seg gjera.Me var fantastisk heldige med været denne laurdagen. Flott vær betyr mykje ein slik dag.Det vart gjort arbeid på desse plassane:

Gravplassen:Oppseting av stillas for maling seinare.Beskjering av trea rundt gravplassen. Rydding av området.prøving av det nye senkeutstyret.Det deltok 7 personar på denne plassen.

Langs vegen og ved Lurenskykkja vart det gjort oppryddingsarbeid av 4H laget med nokre vaksne.Dei var 11 stykker.

Båthamna,badesranda og båtbyggjarmuseet deltok 11 personar. Me gjekk gjennom alt grøntannlegg i båthamnområdet.Spyling av uteområdet.Badestronda vart rydda .

Bedehuset var det 6 personar frå kvinne og familielaget som sto for matsserveringa.Med oppseting av stillas på nordveggen og pussing av dører deltok 3 personer.

På turstiane deltok 11 personar,Rydding og brenning av krattskog,reprasjon av sikringsgjerde,reprasjon av bru og steinsetting av våte parti.Rydding av nedblåste trær.

Grannahuset var 9 personar i sving med å rydda rundt i huset,vaska inne ,og opprydding ute. Flaggstanga vart klargjort til 1 Mai,det vart flagga på full stong denne dagen!Vidare vart det montert 2 nye glas på kjøkkenet.

Hellerislingsfeltet vart det rydda krattskog og lagt stein ved opplyingskiltet,og grøfta vatn vekk .Her var 2 personar engasjert.

Skuleområdet var det rydding av bed,og felling av dei gamle plommetrea.. Skraping av ballplassen.Festa lause heller og spyling og opprydding av uteområdet.4 personar var her.

Ballbingen var det 5personar som sette opp nye ballnettr,kosta bingen og rydda rundt bingen. Ferdiggjering av gjerdenett rundt ballbingen vart også gjort.

Til sammen deltok 69 personar på dugnaden.Me fekk gjort mykje Men det står mykje att .Særlikt ein del malingsarbeid som må gjerast i løpet av sommaren.Det sto også igjen arbeid på Gravplassen,grannahuset,turstien,bedehuset og skulehuset.Ein god del er gjort i ettertid av dugnaden,det er kjempeflott!

For bygdalaget Sigmund Eiken.